

Frå: Dolvik, Tore[tordol@kvam.kommune.no]

Sendt: 15.10.2020 13:29:32

Til: Torill Slåke[torill.slake@kvinnherad.kommune.no]

Tittel: Kvinnherad - kommentar frå kommunegeologen - 88/1 turveg til Hattebergfossen (sak 20/2198)

---

Hei Torill

Eg har sett raskt på saka. Er det vurdert til at tiltaket er eit S1- eller S2-tiltak? For flaum er det vel eit F1 tiltak, men om «*det er fare for liv, fastsettes sikkerhetsklasse som for skred, jf. § 7-3*». Deler av turstien ligg i område som vert dekkja av faresonekart for skred (NVE/NGI) og flaumsonekart, men øvre del av turstien er ikkje skred- eller flaumvurdert og ligg i aktsemdkart.

Er det vurdert til å vere eit S2-tiltak så meiner eg at bør det liggje ved ein konsulentrapport.

Som du nemner så ligg deler av turstien i område der skredfaren er for stor (skredfaren > 1/100), så om turstien vert eit S1- eller S2-tiltak så må sikringstiltak eller andre tiltak vurderast i dette område (t.d. sikringstiltak, vurdere om tiltaket toler eit skred, rutinar for stenging i periodar der skredfaren er for stor), altså tiltak som gjer at tiltaket ligg trygt nok, og at dei som brukar turstien er trygge nok. Andre tiltak kan vurderast.

Om det er nødvendig med flaum- og skredvurdering og -sikring tenker eg er avhengig av kor stor tilrettelegginga er. Det finns mange turstiar i skredfarleg terreng, men når dei vert gjort meir tilgjengelege så er ansvaret for at det er trygt nok større.

Eg tenker at i dette tilfelle så vil ein skred- og flaumvurdering av turstien vere ein stor fordel, både med tanke på traseval og utforming av turstien.

Det er i søknaden vist til at søkjar har hatt kontakt med geolog for å sikre at tiltaket vert gjort utan fare for destabilisering av dei bratte morenehenga. Kan geologen brukast til å sjå på tiltak for å hindre skade på tursti eller folk som brukar turstien i skredfarleg område, og vurdere skredfaren og flaumfaren i øvre deler av stien? Er geologen ein del av eit føretak (konsulent)? Det vil vere ein fordel at skred- og flaumvurderinga, og «prosjektering» vert dokumentert og utført av eit konsulentføretak med fagleg kompetanse, sidekontroll og ansvarsforsikring, men som sagt det er avhengig av kva grad av tilrettelegging som er planlagt.

Det er vist til søknaden at søkjar har vore i kontakt med NVE. Nå er eg usikker på kva rolle NVE har i saka, men om det er i byggesaka og tryggleiken til turstien så bør dei høyrast om kva dei tenker om skred- og flaumvurdering og -sikringstiltak. Eg antar at dei vil hamne på konsulentvurdering, men som vist til tidlegare så er det avhengig av grad av tilrettelegging.

### **Konklusjon og råd frå kommunegeologen**

Ut frå dokument frå søknad som kommunegeologen har fått frå Kvinnherad kommune i sak 20/2198 om turveg til Hattebergfossen, så tenker kommunegeologen at det er nødvendig med dokumentasjon på skred- og flaumfare og vurdering av sikringstiltak i område som er faresonekartlagt. Om det er nødvendig med konsulentrapport med vurdering av skred- og flaumfare mot tiltaket og på grunn av tiltaket, må vurderast ut frå kva tiltak som skal gjerast og kva grad tiltaket førar til auka bruk (auka ansvar på grunn av tilrettelegging av bruk). Kommunegeologen har ikkje god nok kjennskap til prosjektet, men det kan sjå ut som at det vil vere ein stor fordel å bruke ein konsulentføretak med skred- og flaumkompetanse som kan vere med å vurdere planlegginga og utføringa, og som kan ta ansvar for at turstien vil vere trygg nok ut frå krava i plan- og bygningslova (det betyr ikkje at konsulentføretaket tar ansvar for at det ikkje kan gå skred eller kome flaum som kan skade brukarar av turstien, men at det er trygt nok og lite sannsynleg at det skjer).

Om tilrettelegginga av turstien vert vurdert til å vere eit S2-tiltak, så må det føreliggje ein konsulentrapport. Om det vert vurdert til å vere ein S1-tiltak, så er det større sjans at det er mogleg å få det til utan konsulentrapport, men utgangspunktet er konsulentrapport.

Ta kontakt ved spørsmål

Helsing

**Tore Dolvik**

Kommunegeolog  
Kvam herad

---

**Fra:** post@kvinnherad.kommune.no <post@kvinnherad.kommune.no>

**Sendt:** torsdag 8. oktober 2020 09:44

**Til:** Dolvik, Tore <tordol@kvam.kommune.no>

**Emne:** Epost fra Kvinnherad kommune

Vår ref 2020/2198

Med helsing

**Torill Slåke | Sakshandsamar**

e-post: [torill.slaake@kvinnherad.kommune.no](mailto:torill.slaake@kvinnherad.kommune.no)